



FORSLAGSTILLAR SI PLANSKILDING

Sist revidert: 28.10.16

INNHALD

OVERSIKT OVER VEDLEGG:.....	3
1. SAMANDRAG.....	4
2. NØKKELOPPLYSNINGAR.....	5
3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET.....	6
3.1 BAKGRUNN.....	6
3.2 INTENSJONEN MED PLANFORSLAGET.....	6
4. PLANPROSESSEN.....	7
4.1 OPPSTARTSMØTE.....	7
4.2 KUNNGJERING OG VARSLING AV OPPSTART.....	7
5. GJELDANDE PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINER.....	8
5.1 REGIONAL PLAN.....	8
5.2 KOMMUNEPLAN.....	9
5.3 REGULERINGSPLANAR.....	9
5.4 STATLEGE PLANRETNINGSLINER.....	10
6. SKILDRING AV PLANOMRÅDET.....	11
6.1 LOKALISERING.....	11
6.2 AVGRENSING.....	11
6.3 TILSTØYTANDE AREAL.....	14
6.4 EKSISTERANDE BUSETNAD.....	14
6.5 TOPOGRAFI/LANDSKAPSTREKK.....	14
6.6 SOLTILHØVE.....	14
6.7 VEGETASJON, DYRELIV OG ANDRE NATURTILHØVE.....	14
6.8 GRØNE INTERESSER.....	17
6.9 KULTURMINNEVERDIAR.....	17
6.10 VEG OG TRAFIKKTILHØVE.....	18
6.11 STØY.....	18
6.12 OFFENTLEG KOMMUNIKASJON/KOLLEKTIVDEKNING.....	18
6.13 KOMMUNALTEKNIKK OG VATN.....	18
6.14 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD.....	18
6.15 RISIKO OG SÅRBARHEIT.....	18
7. SKILDRING AV PLANFORSLAGET.....	22
7.1 INNLEIING.....	22
7.2 REGULERINGSFØREMÅL.....	22
7.3 BYGGEFØREMÅL.....	22
7.4 LEIK/ UTEOPPHALDSAREAL/ FELLES GRØNT OMRÅDE.....	23
7.5 KULTURMINNE.....	23
7.6 PARKERING.....	23
7.7 TRAFIKKAREAL.....	24
7.8 STØY.....	24
7.9 AVFALLSHANDTERING.....	24
7.10 RISIKO OG SÅRBARHEIT.....	24
8. VURDERING I HØVE FORSKRIFT OM KONSEKVENSTUTGREIING.....	25
9. KONSEKVENSAR AV PLANFORSLAGET.....	26
9.1 OVERORDNA PLANAR OG VEDTAK.....	26
9.2 EKSISTERANDE REGULERINGSPLANAR.....	26
9.3 ESTETIKK.....	26
9.4 TRAFIKK OG PARKERINGSTILHØVE.....	26

9.5	KONSEKVENSAAR FOR NABOAR	26
9.6	KULTURMINNE	26
9.7	FRILUFTSAKTIVITET, NATUROMRÅDE, BARN OG UNGES INTERESSER I NÆRMILJØET ..	27
9.8	PRIVAT OG OFFENTLEGE SERVICETILBOD	28
9.9	RISIKO OG SÅRBARHEIT.....	28
9.10	INFRASTRUKTUR	28
10.	MERKNADER	30
10.1	MERKNADER TIL VARSEL OM OPPSTART	30
10.1	MERKNADER TIL OFFENTLEG ETTERSYN 2014.....	35

OVERSIKT OVER VEDLEGG:

Vedlegg 1: Plankart

Vedlegg 2: Reguleringsføresegner

Vedlegg 3: Varslingsbrev, varslingsannonse og varslingsliste

Vedlegg 4: Merknader

Vedlegg 5: Illustrasjonar

1. SAMANDRAG

Reguleringsplanen er utarbeidd for Bo-Bygg AS av Opus Bergen AS. Føremålet med reguleringsendringa er å leggje til rette for ei utviding av området for drift av pukkverk, nærings- og kaiområde. Endringa er i høve til forskrift om konsekvensutgreiingar vurdert til ikkje å utløyse krav om konsekvensutgreiing.

Planområdet ligg på Hjertås i Meland kommune og omfattar gnr. 9, bnr. 156 m. fl. Planområdet er om lag 100 daa. Planområdet er i KPA sett av noverande næringsområde.

2. NØKKELOPPLYSNINGAR

Gardsnamn	Hjertås
Gardsnr./bruksnr.	9/156, 9/9, og del av 9/98
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)pl.)	KPA: Noverande næringsområde. Reguleringsplan: Kombinert formål pukkverk og næringsområde, LNF
Forslagsstillar	Bo-Bygg AS
Grunneigarar (sentrale)	
Plankonsulent	Opus Bergen AS
Ny plans hovudformål	Steinbrot, industri, kai
Planområdets areal i daa	Ca 80 daa
Aktuelle problemstillingar (støy, byggehøgder, o. l.)	Biologisk mangfald, nærleik til elv, folkehelse
Føreligg det varsel om innsigelse (j/n)	Nei
Konsekvensutredningsplikt (j/n)	Nei
Kunngjering oppstart, dato	12.05.2012
Fullstendig planforslag mottatt, dato	
Informasjonsmøte haldt.(j/n)	Nei

3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

3.1 BAKGRUNN

Reguleringsplanen er utarbeidd for Bo-Bygg AS. Opus Bergen AS er utførande konsulent for planlegginga.

3.2 INTENSJONEN MED PLANFORSLAGET

Føremålet med planen er å endre eksisterande reguleringsplan. Ein ønskjer å gjere området for midlertidig masseuttak mindre samtidig som ein aukar storleiken på arealet avsett til industri/næringsverksemd. Ein ønskjer med planforslaget å legge til rette for næringsverksemd med tilhøyrande infrastruktur og djupvasskai.

4. PLANPROSESSEN

4.1 OPPSTARTSMØTE

Det vart gjennomført oppstartsmøte med representantar frå forslagsstillar og Opus Bergen AS 1.2.2012.

4.2 KUNNGJERING OG VARSLING AV OPPSTART

Varslingsbrev til partar, naboar og offentlege og private høyringsinstansar vart sendt ut mai 2012. Planoppstart vart annonsert i Avis Nordhordland 12.05.2012.

Frist for merknader vart sett til 10.06.2012.

Ny avgrensa varsling vart sendt ut i perioden 12.12.12 til 11.1.13, då areala i sjø ved ein inkurie ikkje var tatt med i opphavleg varsling. Planområdet vart òg utvida til å inkludere vegareal for delar av Fv. 564 i nord, vist i varselkart datert 29.11.12, figur 4. Merknadsfrist vart her sett til 11.1.2013.

Planforslaget vart levert til 1. gongs handsaming september 2013. Det vart i oktober 2013 sendt avgrensa varsel til Bergen og omland havnevesen med eit plankart som viser utvida hamneområde i sjø etter ønske frå Meland kommune.

Forslaget var sendt på høyring i 2014, og med ein utvida høyringsrunde i januar 2015. Her fremja Forsvarsbygg motsegn til planen. Denne er avklara og imøtekome i det endelege planforslaget.

5. GJELDANDE PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINER

5.1 REGIONAL PLAN

Fylkesplanen for Hordaland (2005-2008) stadfester i kapittel 5 om næringsutvikling at ”Hordaland skal ha best moglege rammevilkår for framvekst av næringsliv, som kompetanse, kapital og infrastruktur.”

I det regionale utbyggingsmønsteret i Bergensregionen skal ny arealbruk og auka transport planleggjast i høve til kvarandre. Samstundes skal ny infrastruktur og byggjetiltak skal bandleggja minst mogleg areal.

Regional Næringsplan for Hordaland 2013 – 2017: Planen inneheld overordna mål og strategiar for næringsutvikling i Hordaland. I 2017 skal ein mellom anna ha:

- Fleire innovative verksemdar som betre nyttar moglegheiter i marknadene.
- større del av grunderar som etablerer berekraftige vekstverksemdar
- fleire innovative næringsmiljø, der verksemdene samarbeider tettare seg imellom og med FoU-miljø og deira internasjonale kontaktnett.
- verkemiddelaktørar som enno betre støt opp om berekraftige verksemdar og næringsmiljø.
- teke naudsynte politiske avgjerder om (nærings-) areal, utbyggingsmønster og transport som gjev grunnlag for ein berekraftig og konkurransedyktig Bergensregion.
- fleire døme på meir attraktive tenestetilbod og vekstkraft i næringslivet i regionale senter.


Regional plan for folkehelse –Fleire gode leveår for alle, 2014 – 2025: Planen skal bidra til eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid i kommunane, fylkeskommunen og statlege organ. Visjonen er «fleire gode leveår for alle». Planen inneheld tiltak innanfor følgjande fem temaområde for å oppnå visjonen:

- Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming
- Lokalsamfunn, nærmiljø og bustad
- Oppvekst og læring
- Arbeid og arbeidsplassen
- Aktivitet og sosial deltaking.

Regional klimaplan for Hordaland 2014 – 2030: Planen har visjonen «klimafylket Hordaland tar ansvar og skapar berekraftige løysingar». Hovudtema er energi, forbruk og avfall, bygningar, arealbruk og transport, næringsliv og teknologi samt samarbeid og verkemiddel for å få til naudsynte endringar. Handlingsprogram med tiltak vert revidert årleg. Dei fleste av tiltaka har fylkeskommunen ansvar for.

5.2 KOMMUNEPLAN


I den gjeldande arealdelen til kommuneplanen for Meland, endeleg godkjent 17.6.15, er planområdet avsett til noverande næringsområde. Omsynssone for vegstøy, raud sone H210, og gul sone H220 går noko inn på området i langs fylkesvegen i sør.



Figur 1 Utsnitt frå kommuneplanens arealdel, 2015.

5.3 REGULERINGSPLANAR

Gjeldande reguleringsplan for Hjertås Sør, planid. 20000126, tredje i kraft 26.01.2000. Planområdet er her vist som industri/næringsverksemd, mellombels masseuttak/steinbrot og hamneområde/kai.



Figur 2 Reguleringsplan for Hjertås Sør gnr. 9 bnr. 156.

5.4 STATLEGE PLANRETNINGSLINER

Dei statlege planretningslinene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging har som mål at transportsystem skal utviklast slik at dei fremmar samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikktryggleik, og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikle bærekraftige byar og tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremje helse, miljø og livskvalitet.

Rikspolitiske retningslinjer som vil vere aktuelle under planlegginga:

- Stortingsmelding nr 34, (2006-2007), Norsk klimapolitikk
- Stortingsmelding 26, (2006-2007) Regjeringas miljøpolitikk og rikets tilstand
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga
- Rikspolitiske retningslinjer for planlegging i kyst- og sjøområde
- T-1442 Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging
- Eventuelt andre aktuelle nasjonale retningslinjer

6. SKILDRING AV PLANOMRÅDET

6.1 LOKALISERING


Planområdet ligg på Hjertås i Meland kommune, langs med Fv. 564 Rosslandsvegen, 7,5 km frå Frekhaug senter.



Figur 3 Oversiktskart. Planområdet omtrentleg markert. (Google, 2015).

6.2 AVGRENSING

Det vart 9.5.12 varsla oppstart på planområdet som vist avgrensa på kartutsnittet nedanfor. Merknadsfrist vart sett til 10.6.12.




Figur 4 Opphavleg avgrensing av planområdet.

Planen omfattar gnr. 9 bnr. 156, tilsvarende reguleringsområdet for Reguleringsplan for Hjertås Sør, planid. 125620000126.


I samråd med Meland kommune vart det sendt ut avgrensa varsel for ny planavgrensing, sendt i perioden 12.12.12 til 11.1.13. I opphavleg varsling vart ved ein inkurie ikkje areal i sjø inkludert i planområdet. Planområdet er òg utvida til å inkludere vegareal for delar av Fv. 564 i nord. Merknadsfrist var sett til 11.1.2013.

I oktober 2013 vart havneområdet i sjø utvida. Det vart sendt avgrensa varsel til Bergen og omland havnevesen, som ikkje hadde merknader til utvidinga.

Forslaget var sendt på høyring i 2014, og med ein utvida høyringsrunde i januar 2015. Her fremja Forsvarsbygg motsegn til planen. Denne er avklara og imøtekome i det endelege planforslaget.



Figur 5 Avgrensing av planområdet ved offentlig høring 2013.



Figur 6 Endeleg planavgrensing, 2015, der område i sjø er teke ut, og kombinert føremål på land er lagt i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

6.3 TILSTØYTANDE AREAL

Planområdet ligg langs fylkesvegen. Området nord for Fv. 564 er avsett til både noverande og framtidig næringsområde i kommuneplanen. På delar av dei framtidige næringsområde, samt noko inn på regulert noverande næringsområde nord for Fv. 564 ligg omsynssone H310 for ras- og skredfare. I aust og i vest grenser planområdet til LNF, og i sør til sjø. Omsynssone i sjø, H190_2, er sikringssone, ei militær forbodssone knytt til Forsvaret sine interesser.

6.4 EKSISTERANDE BUSETNAD

Planområdet er i dag ubygd.

6.5 TOPOGRAFI/LANDSKAPSTREKK

Området ligg langs Herdlefjorden. Planområdet skråar nedover mot fjorden, til dels svært bratt. Det er i dag masseuttak i området.

6.6 SOLTILHØVE

Planområdet ligg vendt mot sør-sørvest og har gode soltilhøve. Det er ikkje planlagd busetnad i planområdet.

6.7 VEGETASJON, DYRELIV OG ANDRE NATURILHØVE

Planområdet grensar til LNF i aust og i vest. Delar av planområdet er regulert til friluftsområde. Vest for planområdet går bekk frå Brakstadvatnet til fjorden.

Naturmangfald

I alle sakar som berør økosystem, naturtypar og arter, krev naturmangfaldlova (nml) § 7 at vurderingane og vektleggingane i §§ 8-12 går fram i saka. I dette kapittel er eksisterande informasjon samt § 8 (kunnskapsgrunnlaget) i nml vurdert, medan §§ 9-12 vert vurdert i kapittel 9.8 *Naturmangfald (Konsekvensar av planforslaget)*.

§8 (Kunnskapsgrunnlag)

Kunnskapsgrunnlaget i denne vurderinga bygger på tidligare registreringer i området. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig høve til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Artskart¹, Kilden², Naturbase³ og Vann-nett⁴ og Fiskeridirektoratet si database⁵ er nytta for å finne eventuell føreliggane informasjon. Aktuelle rapporter som *Viltet i Meland*⁶ og Meland kommune sin kommunedelplan⁷ er også nytta. Det er ikkje gjort supplerande befarings av området.

¹ Artsdatabanken, artskart: <https://artskart.artsdatabanken.no/> (besøkt 5.1.16)

² Nibio, Kilden-skog og landskap: <http://kilden.skogoglandskap.no/> (besøkt 5.1.16)

³ Miljødirektoratet, Naturbase: <http://kart.naturbase.no/> (besøkt 5.1.16)

⁴ Vann-nett: <http://vann-nett.no/saksbehandler/> (besøkt 5.1.16)


⁵ Fiskeridirektoratet: <http://kart.fiskeridir.no/> (besøkt 5.1.16)

⁶ Wiers, T. og Overvoll, O. 2005. Viltet i Meland. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Meland kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 1-2005: 34 s + vedlegg.

⁷ Kommuneplan for Meland kommune, 2014-2025



Figur 7 Oversiktsbilde. Planområdet omtrentlig markert i raudt. Bakgrunnsfoto: gulesider.no



Figur 8 Naturtilhøve i og rundt planområdet. Rosa felt er Laksevika pukkverk. Det grønstripa feltet markerer den viktige naturtypen kystmyr. Blå sirklar markerer artsregistreringar. Planområdet er omtrentleg markert i raudt. Kjelde: Kilden-skog og landskap.

Hovuddelen av planområdet er i pukk databasen til NGU⁸ beskrevet som eit viktig ressursområde/førekomsområde og pukkverk i drift, med gneis som dominerande bergart. I planområdet er det ikkje gjort registreringar av artar, naturtypar eller

⁸ Norges geologiske undersøkelse. http://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Omrade_fakta.Main?p_spraak=N&p_objid=106855 (Besøkt 5.1.16)

verneområder. Det er i all hovudsak i vest og nord i planområdet at det framleis er grøne parti. Jamfør Naturbase finn ein litt barskog av høg bonitet langs elva i vest og langs Rosslandsvegen i nord, elles finn ein i området ei blanding av skrinn og jorddekt fastmark.

Like nord for Rosslandsvegen (Rv 564) ligger Hjertåsmyrane, Dette er ei kystmyr som i 2002 blei registrert som ein viktig naturtype (verdi B) i Naturbase og Kilden. Her er det i Artskart i 2008 registrert ærfugl som er nær trua (NT) og sjørre som er sårbar (VU) på den norske raudlista for arter⁹. Kanadagås er også observert rastande her i 2009, denne er svartelista¹⁰ i kategorien svært høg risiko (SE). Vidare er det i 2008-09 registrert fleire vanlege fuglearter som siland, svarttrost, stokkand, løvmeis, kjøttmeis, storskarv, kvinand, svartmeis og rødstrupe (alle observert vinterstid, i desember-januar).

Ved fabrikkbygget like nord for planområdet (Rosslandsvegen 933) er det i 2001 registrert 2 individ av fossekall. Dette er ifølge *Viltet i Meland* (ref. 6) ein fåtaleg hekkefugl ved rennande vatn, og i Meland kommune er det funne reir mellom anna i Fløksandselva (også omtala som Brakstadelva). Fløksandselva er eit anadromt vassdrag som renn frå Brakstadvatnet til fjorden, og ligg omtrent kant i kant med den vestlege plangrensa. I vann-nett er denne ein del av vassførekomsten 'Herdlefjorden sidebekker nord NØ' som har oppgitt dårleg økologisk tilstand. Tilstandsvurderinga er basert på ein NIVA-rapport¹¹ frå 2000 som visar høgt innhald av næringsaltar, organisk stoff og tarmbakteriar, og moderat innhald av partiklar. Arealavrenning og tilførsel av humus frå myrområda vert nemnt som trulege årsakar. 'Herdlefjorden-nordre' er sjøområdet som grensar til planområdet, dette har på si side god økologisk tilstand i fylgje vann-nett.

Tilgjengelege artsdata er frå 2008/09, samt ei frå 2001, og dermed høveleg nye. Det er ikkje gjort arts- eller naturregistreringer i sjølve planområdet. I kommunedelplan for Meland kommune er planområdet i sin heilheit sett av til næringsformål. Planen er å endra eksisterande reguleringsplan for å legge til rette for meir industri/næringsverksemd, og minske området for masseuttak. På bakgrunn av at det aller meste av planområdet er eit pukkverk i drift (juni 2014) og allereie sterkt påverka, vurderast eksisterande kunnskap samla sett å stå i høveleg forhold til sakens karakter og fare for skade på naturmangfaldet.

⁹ Henriksen, S. og Hilmo, O. (red.) 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge

¹⁰ Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelseth, S. og Larsen, L.K. (red.) 2012. Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken

¹¹ Johnsen, T.M., Hobæk, A., Oug, E. og Sundfjord, A. 2004. Overvåking av vassdrag og marine resipienter i Meland kommune i 2000. NIVA. Rapport Lnr 4396-2001



Figur 9 Delar av det regulerte friluftsområdet utgjer i dag ei grøn buffersone mellom Fylkesvegen og eksisterande masseuttak. Fløksandselva i nedre biletkant.

6.8 GRØNE INTERESSER

Planområdet ligg nært opp til område prega av bustadbusetting og næring. Delar av planområdet er i eksisterande plan regulert til friluftsområde. Planområdet vert ikkje nytta til friluftaktivitet eller av barn og unge i dag.



Figur 10 Arealtype og grunnforhold, henta frå nettstaden til skog og landskap.

6.9 KULTURMINNEVERDIAR


Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne, verna- eller SEFRAK-registrerte bygningar i planområdet.

6.10 VEG OG TRAFIKKILHØVE

Planområdet har forbindelse med Fylkesveg 564 Rosslandsvegen. Forbi planområdet har Rosslandsvegen ein ÅDT på mellom 1701 og 5000 jf. Statens vegvesen sin Nasjonal vegdatabank. Fartsgrensa er 80 km/t.

6.11 STØY

Det er gul og rød støysone langs Fylkesveg 564 Rosslandsvegen, som grensar til planområdet i nord. (Statens Vegvesen, 2011).



Figur 11 Utsnitt frå støyvarelskart, Statens Vegvesen 2011

6.12 OFFENTLEG KOMMUNIKASJON/KOLLEKTIVDEKNING

Det går buss til og frå Frekhaug med rundt rekna ein halv times mellomrom i rushtida. Bussreisa tar ti minutt. Frå Frekhaug og Flatøy er det gode bussforbindelsar til Bergen sentrum.

6.13 KOMMUNALTEKNIKK OG VATN

Eksisterande kommunaltekniske anlegg i området følgjer Fylkesvegen.

6.14 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Planområdet ligg 7,5 km frå kommunesenteret Frekhaug, der ein finn dei fleste private og offentlege servicetilbod.

6.15 RISIKO OG SÅRBARHEIT

ROS-analyse

I dette kapitlet er det gjennomført ei risiko og sårbarheitsvurdering (ROS-vurdering) i samband med forslag til reguleringsplan.

ROS-analyse er gjort av tiltaket ved hjelp av ROS-metodikk (Risikoanalyse – teori og metodar: Rausand & Utne, 2009 og Norsk standard NS5814, 2008). Vurderinga er gjennomført av Opus Bergen AS som ein del av planarbeidet og er basert på Opus Bergen AS og tiltakshavar sin kunnskap om planområdet, tilgjengelege rapportar, informasjon frå ulike nettsider og innhenta informasjon frå Meland kommune.

Vurdering av sannsyn for uønska hending er delt i:

- Svært sannsynleg/kontinuerlig (5): Skjer kvar veke/tilhøve som er kontinuerlig til stede i området
- Mykje sannsynleg/periodevis, lengre varigheit (4): Skjer kvar månad/tilhøve som opptrer i lengre periodar, fleire månader
- Sannsynleg/fleire enkelttilfelle (3): Skjer årleg/kjenner til tilfeller med kortare varigheit
- Mindre sannsynleg/kjenner tilfeller (2): Kjenner 1 tilfelle i løpet av 10-års periode
- Lite sannsynleg/ingen tilfeller (1): Kjenner ingen tilfeller, men kan ha høyrte om tilsvarande i andre områder

Vurdering av konsekvensar av uønska hendingar er delt i:

1. Ubetydeleg/ ufarleg: Ingen person eller miljøskader/ enkelte tilfeller av misnøye. Materielle/økonomiske skader inntil 10 000 NOK.
2. Mindre alvorleg/ein viss fare: Få/små person- eller miljøskader/belastande forhold for enkeltpersonar. Materielle/økonomiske skader for 10 000 NOK - 50 000 NOK.
3. Betydeleg/kritisk: Kan føre til alvorlige personskader/ belastande forhold for en gruppe personar. Materielle/økonomiske skader for 50 000 NOK - 500 000 NOK.
4. Alvorleg/farleg (behandlingskrevjande) person- eller miljøskader og kritiske situasjonar. Materielle/økonomiske skader for 500 000 NOK - 5 millionar NOK.
5. Svært alvorleg/katastrofalt: Personskade som medfører død eller varig men; mange skadde; langvarige miljøskader. Materielle/økonomiske skader for over 5 millionar NOK.

Risikomatrise:

- a. Raudt indikerer uakseptabel risiko. Tiltak må settast i verk for å redusere denne til gul eller grøn.
- b. Gult indikerer risiko som bør vurderast med omsyn til tiltak som reduserar risikoen.
- c. Grønt indikerer akseptabel risiko.

Konsekvens: Sannsyn:	1. Ubetydeleg/ ufarleg	2. Mindre alvorleg/ ein viss fare	3. Betydeleg/ kritisk	4 Alvorleg/ farlig	5. Svært alvorleg/ katastrofalt
5. Svært sannsynleg /kontinuerlig	5	10	15	20	25
4. Mykje sannsynleg / periodevis, lengre varigheit	4	8	12	16	20
3. Sannsynleg /fleire	3	6	9	12	15

enkeltilfelle					
2. Mindre sannsynleg/ kjenner tilfeller	2	4	6	8	10
1. Lite sannsynleg/ ingen tilfeller	1	2	3	4	5

- Hendingar i raude felt: Tiltak nødvendig, i utgangspunktet ikkje akseptabelt
- Hendingar i gule felt: Tiltak må vurderast.
- Hendingar i grønne felt: Ikkje signifikant risiko, men risikoreduserande tiltak kan vurderast
- Tiltak som reduserer sannsyn blir vurdert først. Dersom dette ikkje gir effekt eller er mogleg, skal tiltak som avgrensar konsekvensane vurderast.
-

Tema som er risikovurdert i tabellen under er basert på Bergen kommune sin mal for planarbeid. I tillegg har ein supplert med andre ROS tema som er særskilt aktuelt i denne planen. Tabellen under viser ei oppstilling av risiko og sannsyn for planområdet.

Der dei materielle/økonomiske konsekvensane ikkje er omtalt er det i det særskilte tema vurdert som underordna konsekvensane for miljø og menneske.

Hending/ situasjon	Aktuelt ?	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/Tiltak
Risiko for ras	Nei	-	-		Planområdet er lokalisert ved Herdlefjorden. Terrenget skråar ned mot fjorden. Planområdet er ikkje skredutsatt. Vest for området og elva er risikoområde for skred (skredatlas, NVE, 2013).
Flaum	Ja	2. Mindre sannsynleg/ kjenner tilfeller	3: Betydeleg/ Kritisk	6	Elveløp langs planområdet i vest, avstand på 20m til byggeområde med friområde som buffer. Planområdet er lokalisert ved sjø, noe som gir risiko for flaum. Det er sett krav til handtering av overvatn i føresegner.
Grunnureining	Ja	1: Lite sannsynleg/ ingen tilfeller	3: Betydeleg/ Kritisk	3	Det er ikkje registrert ureina grunn i området (www.klif.no , 2013)
Radon	Ja	2. Mindre sannsynleg/ kjenner tilfeller	3: Betydeleg/ Kritisk	6	Det har ikkje vore systematiske radonmålingar i Meland, og ein skilde analysar som er gjort i bustadar eller barnehagar har ikkje vist helseskadelege verdiar (Meland kommune, 2010) Planforslaget legg ikkje til rette for bustader eller bygg for varig opphald. TEK10 vil gjelde for bygg og stiller bygningstekniske krav som reduserer fare for liv og helse.
Kraftleidningar	Nei	-	-		Det er ingen høgspenteleidningar i nærleik til planområdet.
Nær lager av farlege stoff	Nei	-	-		Planområdet ligg ikkje nær lager av farlege stoff.
Bombemål	Nei	-	-		Planområdet er ikkje i nærleiken av bombemål.
Støy	Ja	4. Mykje sannsynleg / periodevis,	3. Betydeleg/ kritisk	12	Planområdet ligg langs Fylkesveg 564 Rosslandsvegen, som har gul og raud støysone

		lengre varighet			(Statens Vegvesen, 2011). Tiltaket vil òg tilføre støy til omgjevnadane. Planområdet ligg ikkje nær bygg for varig opphald. Avbøtande tiltak ved etablering av verksemder som endrar støybiletet i nærområdet er fastsett i føresegnene. Dei set ma. krav til oppfølging av gjeldande støyretningsliner, og tidsavgrensar arbeidstid for massetak.
Brann	Ja	2: Mindre sannsynleg/kjenner tilfeller	5: Svært alvorleg	10	Brannberedskap i Meland kommune handterer brann- og redningstenester.

7. SKILDRING AV PLANFORSLAGET

7.1 INNLEIING

Planen er utarbeida av Opus Bergen as på oppdrag frå Bo-Bygg AS. Planområdet er på om lag 100 daa, ligg på Hjertås i Meland kommune og omfattar gnr. 9, bnr. 9, 98 og 156. I kommuneplan for Meland er området vist som erverv og friområde.

Planområdet er i dag nytta som steinbrot/masseuttak. Ein ser føre seg ei gradvis utvikling av planområdet. Delar av området er allereie planert i tråd med planforslaget. Ein ser for seg ei mogleg vidare utvikling i to fasar, der det vil vere midlertidig utleie av allereie planert terreng medan ein utarbeider resten av området, inkludert kaiområdet.

Planområdet er på rundt 80 daa.

7.2 REGULERINGSFØREMÅL

Føremål	Totalt areal
Bygningar og anlegg	
Næring N1	13 799 m ²
Næring N2	22 142 m ²
Steinbrot, masseuttak, næring og kai	17 326 m ²
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
Køyreveg	5118 m ²
Gang/ -sykkelveg	592 m ²
Annen veggrunn – teknisk anlegg	1884 m ²
Annen veggrunn - grøntareal	570 m ²
Grønstruktur	
Friområde	17534 m ²
Areal	78 951 m²

7.3 BYGGEFØREMÅL

Der byggjegrænse ikkje er vist på plankart går byggjegrænse i føremålsgrensa. Føremålsgrenser og byggjegrænser mot fylkesvegen i nord er i tråd med gjeldande plan.

Byggehøgde i føremåla er sett med utgangspunkt i eksisterande reguleringsplan der ”maksimal byggehøgde er sett til 12 meter frå lågast liggjande terreng ved veggliv til møne”.

Det er sett krav i føresegnene til at ved deling innanfor område for bygningar og anlegg, skal byggegrense mot nabo vere 4 meter.

Næring (N1)

Det kan innanfor føremålet etablerast næring, interne vegar, parkeringsplassar og annan infrastruktur.

Arealet er 13 800 m². Ein opnar i føresegnene for ei utnytting på 35 % av bygd areal, BYA. % BYA inkluderer ikkje parkering. Maks byggehøgde er kote + 33 meter over havet. Minimum planeringshøgde er kote + 18 – 21 meter over havet.

Næring (N2)

Det kan innanfor føremålet etablerast næring, interne vegar, parkeringsplassar og annan infrastruktur.

Arealet er 22 142 m². Utnyttinga er på 35 % av bygd areal, BYA. % BYA inkluderer ikkje parkering. Maksimal byggehøgde er kote + 33 meter over havet. Minimum planeringshøgde er kote + 18 – 21 meter over havet.

Steinbrot, masseuttak, næring og kai (SM/N/KAI)

Det kan innanfor føremålet etablerast steinbrot/ masseuttak, næring, kai, interne vegar, parkeringsplassar og annan infrastruktur.

Arealet er 17 326 m². Utnyttinga er på 35 % av bygd areal, BYA. % BYA inkluderer ikkje parkering. Maksimal byggehøgde mot N1 og N2 er kote +22 meter over havet. Maksimal byggehøgde for resterande areal er kote +17 meter over havet. Minimum planeringshøgde er kote + 3 meter over havet.

Mot områda N1 og N2 er det lagt inn maksimal byggehøgde c+22 for å kunne etablere bygg langs skjering mellom dei ulike terrengnivåa.

7.4 LEIK/ UTEOPPHALDSAREAL/ FELLES GRØNT OMRÅDE

Leik/ uteopphaldsareal er ikkje aktuelt i industriområde. Det er regulert inn offentleg friområde, o_FO1 og o_FO2, i tråd med gjeldande reguleringsplan. Friområde o_FO1 er gjort noko smalare i høve gjeldande plan for å gje plass til ny vegframføring ned til sjø og ei utviding av byggjeføremål.

I føresegnene tillatast fylling innanfor føremåls grensene, med krav om tilbakeføring etter at anleggsfasen er ferdig.

7.5 KULTURMINNE

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller SEKRAK-bygg i planområdet.

7.6 PARKERING

Parkering tillatast løyst innanfor byggjeføremåla. Det er tillate med parkering på tak i SM/N/KAI med tilkomst frå N1 eller N2.

Meland kommune sine krav til parkering jf. KPA 2015 gjeld for planområdet. Krava til det enkelte føremål er teke inn i reguleringsføresegnene.

I føresegnene er sett rekkefølgekrav til vurdering av parkeringsbehov og løysingar for bil- og sykkelparkering for nye einingar ved byggesøknad. Det er og teke inn som eit krav til dokumentasjon til byggjemelding.

7.7 TRAFIKKAREAL

Tilkomst til planområdet skjer via Fv. 564 Rosslandsvegen. N1 og N2 får tilkomst frå V1. SM/N/KAI får tilkomst frå V2. Det er lagt inn snuhammar, V3 på kaiområdet ved sjø. Samstundes opnar ein i føresegnene for at snuhammar kan plasserast innanfor det kombinerte føremålet. Slik kan ein oppnå den beste plasseringa av snuhammar i seinare fase.

Det regulerast gang- og sykkelveg, o_GS1 og o_GS2, langs o_V, Rosslandsvegen.

Nye vegareal skal etablerast i tråd med Statens vegvesen sine standardar.

Kryss Fv. 564 er utforma i samsvar med utforminga av kryss Fv. 564 på Mjåtveit, bustadplan for Mjåtveitmarka, planID 1256 20060002.

I samband med reguleringa av Frank Mohn sitt område på austsida av vegen vart det lagt ny hovudvassleidning og strømkablar i trasé for opparbeidd gang- og sykkelveg. Gang- og sykkelveg vert difor regulert i tråd med eksisterande situasjon, som ikkje er i tråd med gjeldande regulering eller vegnorm. Reguleringa er avklart i dialog med Statens vegvesen i juni 2015.

7.8 STØY

Støy frå industriområde skal tilfredsstillte gjeldande retningsliner for tillate utandørs støy, jf. T-1442 "Støy i arealplanlegging". Føresegnene fastset forbod mot etablering verksemder til sjenanse for nærområde, mellom anna på grunn av støyforureining.

7.9 AVFALLSHANDTERING

Handtering av avfall innanfor planområdet skal skje på avsett område innafor kvart delområde, og i samsvar med godkjent utomhusplan. Dette er sikra i føresegnene.

7.10 RISIKO OG SÅRBARHEIT

Planforslaget inneber ingen endringar knytt til risiko og sårbarheit i høve til gjeldande plan. Avbøtande tiltak er kommentert i høve flaum, radon, støy og brann, jf. ROS-analyse pkt. 6.15.

8. VURDERING I HØVE FORSKRIFT OM KONSEKVENSGREIING

Planlagt reguleringsendring er vurdert til å ikkje vere av eit omfang som gir krav om konsekvensutgreiing, jf. notat 1.3.2012:

”Vi har vurdert planlagte tiltak når det gjelder utvidelse av anlegg for masseuttak/pukkverk og når det gjelder utvidelse av tidligere regulert kaianlegg.

1. Masseuttak/pukkverk.

Området er i gjeldende reguleringsplan regulert til masseuttak (midlertidig) og industri etter fullført masseuttak (i etapper).

Planendringen har til formål å utvide det arealet der det skal tas ut masser/drives pukkverk, ved at en del av området som i gjeldende plan kun er regulert til industri, gjennom masseuttak legges på et lavere planeringsnivå enn i gjeldende plan.

Det aktuelle tilleggsområdet vil få et samlet masseuttak på i størrelsesorden 200.000 m³.

Innslagspunktet for KU er etter forskriftens vedlegg 1, ved 2 mill m³, altså omtrent 10x det volum som er aktuelt å ta ut.

I forhold til forskriftens vedlegg 2, skal masseuttak også vurderes (uavhengig av mengde masse) etter forskriftens §4.

Vår vurdering er at ingen av kriteriene (a – k) kommer til anvendelse her.

2. Kaifront.

I gjeldende plan er det vist kaianlegg som kan ta båter på minst 5.000t.

I forbindelse med etablering av et lavere planeringsnivå på industriområdet, skal ikke kaifront utvides utover det som er regulert i gjeldende reguleringsplan.

Forskriftens vedlegg 1 forutsetter KU ved nyanlegg av kai for båter over 1350t. Det er i dette tilfellet ikke snakk om nyanlegg eller utvidelse av kai.

Tilsvarende som i pkt. 1 over, er det i forhold til forskriftens vedlegg 2, ingen av kriteriene i §4 som kommer til anvendelse når det gjelder kaiområdet.

3. Konklusjon.

Vår vurdering er at det etter forskrift om konsekvensutredning ikke er forhold ved den planendring det legges opp til, som foranlediger konsekvensutredning”.

9. KONSEKVENSAAR AV PLANFORSLAGET

9.1 OVERORDNA PLANAR OG VEDTAK

Planframlegget er ikkje i strid med overordna planar og vedtak. Planområdet er i gjeldande kommuneplan sett av til noverande næringsområde.

9.2 EKSISTERANDE REGULERINGSPLANAR

Planområdet er regulert i reguleringsplan for Hjertås sør, planid 20000126, frå 2000. Planområdet er her vist som industri/ næringsverksemd, midlertidig masseuttak/ steinbrot og hamneområde/ kai.

9.3 ESTETIKK

Planen regulerer først og fremst volum. Føresegnene set krav til at terrenginngrep skal gjerast mest mogleg skånsamt, og at nye bygningar skal stå i høve til terreng og landskap. Føresegnene og set krav til visualisering av fjernverknad frå sjø i samband med rammesøknad.

Forslagsstiller ønskjer å behalde ein viss fleksibilitet i høve til moglege bedrifter som vil etablere seg i området.

Store terrenginngrep kan ein bøta på til dømes gjennom tilplanting, og ved å ta omsyn til korleis dei nye bygningane blir plasserte. Utbygginga skal ta omsyn til fjernverknad og tilstøytande areal i utforminga.

9.4 TRAFIKK OG PARKERINGSTILHØVE

Det er i dag masseuttak i området. Ei utviding av areal for uttak av massar, samt areal for godkjend kaianlegg for større skip vil føre til noko meir trafikk. Parkering løysast innanfor føremåla, i tråd med påkrevd dokumentasjon av parkeringsbehov og løysingar.

9.5 KONSEKVENSAAR FOR NABOAR

Føresegnene fastset krav til støy, og gjev forbod mot verksemd som ved lukt, røyk, støy, eller anna ureinande utslepp er til sjenanse for friluftsliv, anna næring og busetnad.

9.6 KULTURMINNE

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne, verna- eller SEFRAK-registrerte bygningar i planområdet.

9.7 **FRILUFTSAKTIVITET, NATUROMRÅDE, BARN OG UNGES INTERESSER I NÆRMILJØET**

Frrområde i eksisterande reguleringsplan kring byggjeområda vert i hovudsak oppretthalde som buffer mot elv og Fylkesveg. V2 med næringsareal er trekt lengre mot vest enn i gjeldande plan. Frå veg til elv er det eit grønt område på 20 meter. Grønt belte mot sjø i gjeldande plan er tatt ut.

Planområdet vert ikkje nytta til friluftaktivitet eller barn og unge, og tiltaket vil ikkje føre til konsekvensar på desse områda.

Naturmangfald

Som ein del av arbeidet er § 8-12 i naturmangfaldlova (nml) vurdert og følgd opp. Kunnskapsgrunnlaget jf. § 8 i nml er vurdert i kapittel 6.7 Naturmangfald, §§ 9-12 vurderast i dette kapittel.

§ 9 (føre-var-prinsippet)

Føre-var-prinsippet kjem i bruk når ein ikkje har tilstrekkelig med kunnskap til å vite kva for verknader avgjersla vil ha for naturmangfaldet. Føreligg det ein risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunnlag for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

Denne naturvurderinga er gjort med utgangspunkt i eksisterande data henta frå nasjonale databaser. Kunnskapen vurderast i dette tilfellet til å være tilstrekkelig for å kunne seie noko om verknadane tiltaket kan få på naturmangfaldet, og føre-var-prinsippet kan tilleggas mindre vekt.

§ 10 (økosystemtilnærming og samla belastning)

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal den samla belastninga på eit økosystem vurderas. For å vurdere tiltaket si konsekvens på naturmiljøet, skal samvirke mellom ulike påverkingar og tiltaket sin kumulative karakter i høve til andre gjennomførte og planlagde tiltak vurderast.

Planområdet ligg attmed sjøen, i eit område med store grønne areal kring seg. Sjølve planområdet er i Meland kommune sin KPA avsett til næringsverksemd, og er i dag eit pukkverk kor berre små grønne areal er att. Delar av grøntområda nord for planområdet er også avsett til næringsverksemd. I tillegg er eit område vidare nord avsett til framtidig næringsareal. Samla sett utgjer desse områda ein relativt stor påverknad på Hjertåsområdet.

Fløksandselva, som renn like vest for planområdet, har oppgang av anadrom laksefisk. Denne kan vere utsett for påverknad i form av avrenning og ureining som følge av tiltak i planområdet. Det same gjeld fjordområdet utanfor planområdet.

Det er i dag lite vegetasjon i planområdet og, og det er lite truleg at det fungerer som funksjonsområde for fugl eller dyr slik det står i dag. Det er registrert eit hjortetrekk over fjorden som kjem i land like ved planområdet, og det er derfor sannsynleg at hjorten nyttar dei kringliggande områda i periodar.

På bakgrunn av området karakter og tilstand i dag, vil tiltaket få mindre betydning for naturmangfaldet, så lenge ein tek omsyn til vassdrag og sjø for å hindre påverknad på desse, særleg i anleggsfasen.

§11 (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Forslagstiller er klar over, jf. § 11 i NML (2009), at kostnadar ved å hindre eller avgrensa skade på naturmangfaldet som tiltaket volder skal dekkas av tiltakshavar. Kostnader ved å hindre eller avgrensa skade innebefattar alle kostnader ved førebyggjande eller gjenopprettande tiltak. I dette kan det og ligge kostnader med å framskaffa kunnskap.

§12 (miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar)

For at tiltaket skal være mest mulig skånsamt for miljøet og naturmangfaldet i området, må det tas utgangspunkt i driftsmetodar, tekniske løysingar og lokalisering som gir de beste samfunnsmessige resultat ut ifrå ei samla vurdering av tidligare, nåverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold.

Planområdet er på omkring 80 daa. Området i sin heilhet er avsett til næringsformål og allereie sterkt påverka som følgje av pukkverk-verksemd. I så måte er plasseringa i utgangspunktet god fordi den nyttar areal som allereie er sterkt påverka.

Det er i hovudsak vassdrag og sjø som er utsatt for påverknad av tiltaket, særleg under anleggsfasen. I konsekvensutgreiing for kommuneplanens arealdel for Meland kommune er det oppgitt å vere ei sone på 30 m langs vassdraget med byggeforbod. Å behalde ei slik buffersone med vegetasjon langs vassdrag er særst viktig. Det same er god handtering av overvann for å hindre avrenning til vassdrag og sjø. Dersom anadrom fisk gyt i den aktuelle delen av vassdraget kan det og vere aktuelt å unngå anleggsarbeid (evt. enkelte typar anleggsarbeid) i og etter gyteperioden, for å unngå tilslamming av botnsediment. Fiskeegga ligg mellom grus og småstein på botnen av elva og kvelast om dei dekkast av finpartikulært materiale som hindrar oksygentilførsel til egga.

9.8 PRIVAT OG OFFENTLEGE SERVICETILBOD

Ikkje aktuelt.

9.9 RISIKO OG SÅRBARHEIT

Planforslaget inneber ingen endringar knytt til risiko og sårbarheit i høve til gjeldande plan. Avbøtande tiltak er kommentert i høve flaum, radon, støy og brann, jf. ROS-analyse pkt. 6.15.

9.10 INFRASTRUKTUR

Det vil vere behov for etablering av nettstasjon innanfor planområdet. Det er i samråd med BKK lagt inn føresegn som seier at dette kan etablerast innanfor byggeføremåla. Det er ikkje tenleg å regulere inn plassering av nettstasjon på dette stadium, all den tid ein ikkje enno kjenner straumbehovet innanfor dei ulike føremåla.

10. MERKNADER

10.1 MERKNADER TIL VARSEL OM OPPSTART

Oversikt over merknadar		Brev datert:
	Hordaland fylkeskommune, Kommunal og samfunnsavdelinga	31.05.12
	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	18.06.12
	Statens vegvesen	21.05.12
	Fiskeridirektoratet region Vest	08.06.12
	Bergen og omland havnevesen	08.06.12
	Stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum	22.05.12
	BKK	12.06.12
	Meland kommune, Fellestrådet	07.06.12
	Frank Mohn Piping AS	08.06.12
	Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal og samfunnsplanavdelinga	08.01.13
	Bergen og omland Havnevesen	18.12.12
	Bergen sjøfartsmuseum	19.12.12
	Statens Vegvesen	21.12.12

Fylkesmannen i Hordaland, i brev av 31.05.12

Signala frå fylkesmannen sine temasider "Oppstart" og "Detaljeringnivå i reguleringsplanar" må leggest til grunn for det vidare planarbeidet.

Konsekvensane for naturmangfaldet må kome tydeleg fram i planarbeidet.

Gjer merksam på at ROS-analysen må nytte akseptkriteria i tråd med byggteknisk forskrift (TEK 10). Både risiko innanfor og utanfor planområdet som kan påverkast av tiltaket må analyserast.

Planleggar kommenterer

Planforslaget er i all hovudsak ei vidareføring av eksisterande plan. Området for bygningar og anlegg er trekt noko mot vest og kaiområdet er forlenga i høve til gjeldande plan.

Hordaland fylkeskommune, i brev av 18.06.12

Viser til at det i umiddelbar nærleik til planområdet er gitt løyve til produksjon av laks og aure ved lokalitet Laksevika. Hfk krev at tiltakshavar er i tett dialog med konsesjonsinnhavar Blom Fiskeoppdrett AS for å avklare evt. konflikhtar.

Det er viktig å sjå på korleis terrengtilpassing og grønstruktur kan avbøte skjemmande fjernverknad av nye tiltak.

Viser til Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel. Det er ikkje ønskeleg med nye tyngdepunkt for handel utanom senterstrukturen

Minnar om at framtidretta planlegging er å legge til rette for at tilsette skal bruke kollektive transportmiddel eller sykkel til/frå jobb.

Viser til Strategi pkt. 7.7.A.3 i Klimaplan for Hordaland 2010-2020 – minst 60% av varmebehovet i nye bygg skal dekkast av anna enn direkte verkande elektrisitet eller fossile brensel.

Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Ingen vidare merknader vedrørande arealet på land på noverande stadium i planprosessen.

Planleggar kommenterer

Planforslaget er i all hovudsak ei vidareføring av gjeldande plan.

Føresegner om ureining, miljøkvalitet og tillatne tider for sprenging og støyskapande verksemd i masseuttak og steinbrot er vidareført frå gjeldande plan.

Planområdet skal ikkje vere eit nytt handelsområde. Det er etablert ny gang- og sykkelveg til planområdet, langs fylkesvegen.

Statens Vegvesen, i brev av 21.05.12

For arealbruk og transportsystem skal det leggjast til grunn eit langsiktig berekraftig perspektiv i planlegginga.

Krysset ved fylkesvegen må tilpassast reguleringsplanen for Hjertås Nord. Berre den vestlige av dei to viste moglege tilkoplingane til fylkesvegen er i samsvar med reguleringsplanen for fylkesvegen. Statens vegvesen vil berre akseptere eitt kryss med fylkesvegen her. Krysset må utformast i samsvar med handbok 017 Veg og gateutforming.

Stiller ei rekke tekniske krav til utforminga av krysset.

Rekkefølgekrav: Krysset med fylkesvegen, inkludert gang- og sykkelvegen, må vere ferdigstilt før andre tiltak i området.

Byggteknisk plan:

I føresegnene må det vere eit punkt om at det skal utarbeidast ein detaljert byggteknisk plan for utbetring av krysset med fylkesvegen, planen skal godkjennast av Statens Vegvesen før noko arbeid i marka vert sett i gang. Tilsvarande krav må og gjelde andre tiltak i tilknytning til fylkesvegen.

Anna veggrunn

Av vedlikehaldsomsyn skal det vere eit belte i 3 meters breidde på begge sider av vegen som regulerast til anna veggrunn. Langs gang- og sykkelvegen skal beltet vere 1,5 m.

Byggegrenser

Byggegrensa mot riks- og fylkesvegar skal vere 50 m. For gang og sykkelstiar er byggegrensa 15 m. byggegrensa må visast i plankartet.

Planen skal vise særskild byggjegrænse i kryss mellom fylkesveg og kommunal veg (40 m frå midtlinjene i skjeringpunkt).

Gåande og syklende

Gangsystem skal vere universelt utforma. Viktig med trygg gangveg frå næraste busstopp.

I føresegnene bør det setjast krav om sykkelparkering i tilknytning til arbeidsplassar i området og anna publikumsretta verksemd.

Dersom Statens Vegvesen ser at veginteressene ikkje er tilstrekkeleg ivareteke når planen vert lagt ut til offentleg høyring, vil dei vurdere å reise motsegn til planen.

Planlegger kommenterer:

Det er lagt inn føresegn som seier at køyreveggar (herunder og kryss med fylkesvegen) skal opparbeidast i samsvar med breidde og kurvatur som vist på plankartet. Det kan gjerast mindre avvik frå dette i samråd med aktuell vegmyndigheit. Fylling/skjering knytt til vegareal kan, der det er naudsynt, først inn på tilgrensande areal som er regulert til andre føremål.

Krysset med fylkesvegen, inkludert gang- og sykkelvegen, skal vere ferdigstilt før andre tiltak i området.

Det er lagt inn rekkefølgeføresegn om at før det vert sett i verk utbyggingstiltak skal det vere gjennomført detaljert byggteknisk plan for utbetring av kryss ved Fylkesveg 564 Rosslandsvegen, inkludert gang- og sykkelveg, i samsvar med krav frå vegmynde.

Det er lagt inn areal for annan veggrunn langs fylkesveg og gang- og sykkelveg. Det er åtkomst for gåande og syklende langs eksisterande gang- og sykkelveg.

Bygge- og formålsgrænser mot fylkesvegen er vidareført frå gjeldande plan. Byggegrænse tar omsyn til siktliner i tråd med handbok 017.

Det er lagt inn krav om at parkeringsnorm for Meland kommune skal gjelde for planområdet.

Fiskeridirektoratet region Vest, i brev av 08.06.12

Planlegging av industriområde for pukkverk med hamneområde kjem i umiddelbar nærleik til eksisterande akvakulturverksemd, og ein meiner det er behov for å avklare spørsmål om konfliktpotensial. Ber om at dette vert tatt opp til nærare drøfting med Hordaland fylkeskommune og konsesjonsinnehavar Blom Fiskeoppdrett AS gjennom den vidare planprosessen.

Framlegg til reguleringsplan med kart og vedtekter skal sendast på høyring til Fiskeridirektoratet region Vest.

Planlegger kommenterer:

Planen er i hovudsak ei vidareføring av eksisterande plan, med utvida kai- og næringsområde mot vest.

Bergen og omland Hamnevesen, i brev av 08.06.12

Har ingen merknader, då planområdet berre omfattar landareal.

Planlegger kommenterer:

Merknaden vert tatt til etterretning.

Stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum, i e-post av 22.05.12

Kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av tiltaket. Ønskjer å gje fråsegn når planen viser føresegner og plangrense i høve til hamneområde/kai.

Planlegger kommenterer:

Merknaden vert tatt til etterretning.

BKK, i brev av 12.06.12

Eksisterande strømfordelingsanlegg i området vil ikkje vere tilstrekkeleg til å forsyne ny busetnad. Det må påreknast å måtte sette av naudsynt areal til ein eller fleire nye nettstasjonar. Ber om at BKK Nett blir kontakta når detaljplan for utbygging og utnytting føreligg.

Planlegger kommenterer:

Det er i samråd med BKK lagt inn føresegn om at det kan etablerast nettstasjon innanfor føremåla for bygningar og anlegg.

Meland kommune, Fellestrådet, i brev av 07.06.12

Ingen merknader.

Frank Mohn Piping AS, i e-post av 08.06.12

- Grenseverdi for risting ved sprenging må ikkje overstige verdiar angjeven i vedlagt rapport. Det gjerast merksam på at produksjonshallen inneheld utstyr som er følsam for ristingar.
- Tidspunkt for sprenging må vere etter normal arbeidstid, av omsyn til sikkerheit.
- Støv frå prosessen må eliminerast, då Frank Mohn Piping AS har store støvplagar og tette luftinntaksfiltre. I tillegg kjem støvplage på materialar/produkt som vert lagra utandørs.

Planlegger kommenterer:

- Tiltak må følgje gjeldande retningsliner for støy, og byggteknisk forskrift, TEK 10.
- Det er lagt inn krav om tidsavgrensa anleggs- og sprengingsperiode på vekedagar innanfor normal arbeidstid 0700-1900.

Merknader etter utvida varsel, januar 2013:

Fylkesmannen i Hordaland, kommunal og samfunnsplanavdelinga, i e-post av 08.01.13

Viser til tidlegare uttale i brev datert 31.05.12. Har ikkje ytterlegare merknader.

Planlegger kommenterer:

Vert tatt til etterretning.

Bergen og omland Havnevesen, i brev av 18.12.12

På dette stadiet kan ein ikkje sjå at planane vil komme i konflikt med dei interesser Havnvesenet er sett til å ivareta. Ber om å få tilsendt teikningar og vidare planar når desse er ferdig utarbeidd.

Minnar om at tiltak i sjø som kan påverke sikkerheita eller framkomsten krev tillating frå BOH. Ei orientering om søknadsplikta bør takast med i reguleringsføresegnene.

Planlegger kommenterer:

Følgjande er lagt inn i føresegnene: ”Tiltak i sjø krev tillating frå hamnemynde, jf. Hamnelova § 27, første ledd. Søknad må sendast i god tid før iverksetting av tiltak.”

Bergen sjøfartsmuseum, i e-post av 19.12.12

Kjenner ikkje til kulturminne som kan bli direkte rørt av tiltaket. Har ikkje indikasjonar på at staden har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Har difor ingen innvendingar mot framlegget til arealinngrep.

Gjer merksam på at ved påvising av marine kulturminne skal arbeidet stoppast og museet kontaktast.

Planlegger kommenterer:

Det er lagt inn føresegn om at vert gjort funn, gjenstandar eller konstruksjonar i samband med gravearbeid, skal arbeid stoppast omgåande og fylkeskonservator underrettast. Dette gjeld både i sjø og på land.

Statens vegvesen, i brev av 21.12.12

Har ikkje merknader til utvidinga av planområdet.

Planlegger kommenterer:

Vert tatt til etterretning.

Merknader etter utvida varsel, oktober 2013:

Bergen og omland Havnvesen, i brev av 24.10.13

På dette stadiet kan ein ikkje sjå at planane vil komme i konflikt med dei interesser Havnvesenet er sett til å ivareta. Ber om å få tilsendt teikningar og vidare planar når desse er ferdig utarbeidd.

Minnar om at tiltak i sjø som kan påverke sikkerheita eller framkomsten krev tillating frå BOH. Ei orientering om søknadsplikta bør takast med i reguleringsføresegnene.

Planlegger kommenterer:

Følgjande er lagt inn i føresegnene: ”Tiltak i sjø krev tillating frå hamnemynde, jf. Hamnelova § 27, første ledd. Søknad må sendast i god tid før iverksetting av tiltak.”

10.1 MERKNADER TIL OFFENTLEG ETTERSYN 2014

Oversikt over merknader		Brev datert:
Fråsegn frå stat, fylkeskommune og interkommunale instansar:		
Fylkesmannen i Hordaland, kommunal og samfunnsplanavdelinga		3.6.14
Statens Vegvesen		5.6.14
Bergen og omland Hamnevesen		13.5.14
Stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum		19.5.14
Fiskeridirektoratet		11.6.14

Fråsegn frå stat, fylkeskommune og interkommunale instansar

Fylkesmannen i Hordaland, kommunal og samfunnsplanavdelinga, 3.6.14

Planen er i tråd med kommuneplanen med unntak av djupvasskai. Fylkesmannen har ingen merknader til reguleringsplanen.

Planleggar kommenterer:

Tatt til orientering.

Statens Vegvesen, 5.6.14

Kryss med Fv 564

- Viser til uttale om oppstart i plansaka vedrørende utforming av krysset med Fv 564. Dette er ikkje følgd opp i planframlegget.
- Nye vegareal er ikkje i tråd med Statens vegvesen sine standardar. Jf. Planomtalen skal det vera samsvar.
- I føresegnene står det at det kan gjerast mindre avvik frå korleis køyreveggar er vist i plankartet.
- Det er behov for meir areal til samferdsleanlegg for at krysset skal vere i tråd med vegnormalen.
- Det vil vere vanskeleg å etablere kryss med fylkesvegen med heimel i planen.
- For å ivareta trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling, er det viktig at krysset er utforma i tråd med tekniske krav.
- Statens vegvesen føreset at krysset blir utforma i tråd med siste revisjonar av H017, H233 og H263.
- Ein rår til at kommunen før vidare handsaming set krav om at det skal utarbeidast vegteikningar for krysset i tråd med H139, og at teikningane skal vere godkjende av Statens vegvesen før vedtak av plan.

Rekkefølgekrav

Det må innarbeidast rekkefølgekrav om når krysset skal vere ferdigstilt. Merknadsstillar rår til at rekkefølgekravet blir knytt opp mot at det ikkje kan bli gitt løyve til igangsetting av andre nye tiltak i planområdet før nytt kryss, inkludert omlegging av gang- og sykkelvegen er ferdigstilt.

Forretning

Føresegnene § 3.2 punkt 2 og § 3.3 punkt 3 opnar for handel i området regulert til næring. Det er ikkje samsvar mellom føresegnene og plankart på dette punktet. Formålet forretning er heller ikkje i samsvar med KPA eller gjeldande reguleringsplan. Merknadsstillar stiller spørsmål ved om området bør utviklast til handelsområde, og rår til at planen blir utarbeidd i samsvar med overordna plan.

Parkering

Krav til sykkelparkering bør leggst inn i føresegnene, i tråd med innspel til varsel om oppstart.

Annan veggrunn

- Gjer merksam på at det langs fylkesveg er ein føresetnad at eventuell skjering/fylling blir regulert som annan veggrunn.
- Rår til at annan veggrunn mellom gang- og sykkelveg blir regulert som *Annan veggrunn – grøntareal*.
- I føresegnene heiter det at det innanfor området kan leggst kabelføringar for tekniske anlegg. Gjer oppmerksam på at kablar og kan leggst i område regulert til *Annan veggrunn – grøntareal*. Legging av kablar må avklarast med Statens vegvesen som forvaltar av fylkesveganlegget.

Mjuka trafikantar

Plankartet viser ikkje interne vegar for gåande/syklende. Rår til at det blir sett krav om at dette skal inngå i teikningane som skal følgje byggemelding, jf. Føresegnene § 2.2 punkt 1.

Planleggar kommenterer:

Kryss Fv 564 er utforma i samsvar med utforming av kryss Fv 564 på Mjåtveit, bustadplan for Mjåtveitmarka, planID 1256 20060002.

Det er innarbeidd følgjande rekkefølgekrav: *Det kan ikkje gjevast igangsettingsløyve for nye tiltak i planområdet før nytt kryss ved Fv. 564, inkludert omlegging av gang- og sykkelvegen er ferdigstilt.*

Forretning: Næringsføremål er ei vidareføring frå gjeldande reguleringsplan.

Parkering: Det er innarbeidd følgjande i føresegnene: *Det skal utarbeidast parkeringsanalyse som skal leggjast ved byggjesøknad. Analysen skal dokumentere behov og løysingar for bil- og sykkelparkering.*

I samband med reguleringa av Frank Mohn sitt område på austsida av vegen vart det lagt ny hovudvassleidning og strømkablar i trasé for opparbeidd gang- og sykkelveg. Gang- og sykkelveg vert difor regulert i tråd med eksisterande situasjon, som ikkje er i tråd med gjeldande regulering eller vegnorm. Reguleringa er avklart i dialog med Statens vegvesen i juni 2015. Planomtalen er oppdatert i høve utforminga.

Areal til skjering/ fylling vert regulert som annan veggrunn.

Mjuka trafikantar: Interne vegar vert regulert på privat grunn og ikkje til offentleg føremål.

Bergen og omland Hamnevesen, 13.5.14

Registrerer med tilfredshet at det i føresegnene er tatt med orientering om søknadsplikta etter *Havne- og farvannsloven*.

Havnevesenet kan på dette tidspunkt ikkje sjå at planforslaget vil kome i konflikt med interesser dei er sett til å ivareta.

Planleggar kommenterer:

Tatt til orientering.

Stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum, 19.5.14

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Hjertås industriområde i Meland kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Det ligg ikkje føre indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Dersom ein under arbeid i sjøområda finn marine kulturminne, pliktar tiltakshavar å gje melding til museet jf. Lov om kulturminne.

Museet har ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Planleggar kommenterer:

Tatt til orientering.

Fiskeridirektoratet, 11.6.14

Viser til deira uttale til varsel om oppstart, og kan ikkje sjå at desse er tekne omsyn til. Utviding av området for drift av pukkverk, nærings- og kaiområde. Tiltakshavar har ikkje nemnt kva påverknad denne verksemda kan få for akvakulturverksemda ved lokalitet 10080 Laksevika. Kan heller ikkje sjå at det har vore dialog med verksemda i samband med framlegg til reguleringsplan, og ber om at dette vert gjort.

Planleggar kommenterer:

Planen er i hovudsak ei vidareføring av eksisterande plan. Kai og sjøområde vidareførast som i gjeldande reguleringsplan for Hjertås Sør, planid. 20000126, vedteke i 2000. Føremål i sjø er teke ut av reguleringsplanen i samråd med Forsvarsbygg, og Meland kommune. Krav til ureining og miljøkvalitet er teke inn i planforslaget sine fellesføresegner, høvesvis §§ 2.8 og 2.11.

Merknader etter utvida høyringsrunde, 2015:**NVE, 23.12.14:**

Syner til brev datert 4.12.14. Har ingen merknader til planframlegget.

Planleggar kommenterer:

Tatt til orientering.

Fiskarlaget Vest, 20.1.15:

Viser til vedlagde kart som viser registrert låsettingsplass like ved reguleringsområdet. Meiner det må vere null miljøskadelege utslepp til fjordane, og det må førebyggjast. Det må dokumenterast at miljøskadeleg forureining ikkje skjer.

Her må verksemd med kompetanse i høve mattryggleik koplast inn i arbeidet t.d. NIFES eller Mattilsynet.

Øg viktig at ein veit dagens status av resipienten/ fjorden, før eventuell utbygging.

Minner om at lys vert sett på som forureiningskjelde. Lys på kaiar må plasserast slik at det ikkje lyser utover sjøen.

Går ikkje i mot søknaden om ovannemnde blir tatt omsyn til og ein fortsatt kan nytte kaste- og låssettingsplassen ved Hjertås om kaien blir utvida. Viser til havressurslova § 27 om ferdsle i området når det står steng i området. Arbeid i sjø må då ikkje forekome.

Planleggar kommenterer:

Kai og sjøområde vidareførast som i gjeldande reguleringsplan for Hjertås Sør, planid. 20000126, vedteke i 2000. Føremål i sjø er teke ut av reguleringsplanen i samråd med Forsvarsbygg, og Meland kommune. Krav til ureining og miljøkvalitet er teke inn i planforslaget sine fellesføresegner, høvesvis §§ 2.8 og 2.11.

Fylkesmannen i Hordaland, 19.1.15:

Viser til vedlagt brev datert 12.1.15 frå Forsvarsbygg, og brev av 22.8.13 med orientering om rutinar med samordning av statlege motsegner. I samsvar med rutinane har FM drøfta innhaldet i motsegna med fagstyresmakta, og konkluderer at dei aktuelle motsegnspunkta er tilstrekkeleg grunnjevne og tydeleg forankra i lovverk og nasjonale føringar. FM sin rett til å avskjere statlege motsegner vert ikkje nytta i saka. Det ligg ikkje lenger føre motsegn frå andre statlege styresmakter til planen.

FM tilbyr vanlegvis eit dialogmøte før ein tek endeleg stilling til om motsegna skal fremjast. Har i denne saka av omsyn til kort frist og vidare framdrift i saka, funne det rett å sende motsegna over slik den ligg føre. Legg til grunn at Meland kommune vil arbeide vidare i dialog med Forsvarsbygg, med sikte på eit revidert planforslag som partane kan einast om og som kan vedtakast av kommunen. FM kan, om partane ønskjer det, medverke i denne dialogen. Dersom ikkje semje vert oppnådd, kan alternativet vere mekling.

Planleggar kommenterer:

Motsegna er avklara i drøftingsmøte mellom Meland kommune, plankonsulent, tiltakshavar og Forsvarsbygg, jf. møtereferat fr Meland kommune, datert 13.4.15, ref.nr: 14/933 – 15/6792. Kai og sjøområde vidareførast som i gjeldande reguleringsplan. Føremål i sjø er teke ut av reguleringsplanen.

Forsvarsbygg, 12.1.15:

Forsvarsbygg uttaler seg i arealplansaker med omsyn til å ivareta Forsvarets arealbruksinteresser. Presiserer at dei ikkje har vore høyringspart i oppstartsfasen av planarbeidet., unntaket er arbeid knytt til eldre reguleringsplan Hjertås Sør, planID 12562000126, der dei ikkje hadde merknader, men basert på andre planføresetnader, samt andre føresetnader for Forsvarets interesser i området.

Vil måtte gi innsigelse med bakgrunn i: Formål «kai» knytt til SM/N/KAI er ikkje forenleg med Forsvarets interesser i området. Det same gjeld formål o_HS,

havneområde i sjø. Formåla er ikkje forenlege med Forsvarets aktivitet og interesser knytt til Heggernes målestasjon og heller ikkje i lys av militær forbodssone i sjø.

Planleggar kommenterer:

Motsegna er avklara i drøftingsmøte mellom Meland kommune, plankonsulent, tiltakshavar og Forsvarsbygg, jf. møtereferat frå Meland kommune, datert 13.4.15, ref.nr: 14/933 – 15/6792. Kai og sjøområde vidareførast som i gjeldande reguleringsplan. Føremål i sjø er teke ut av reguleringsplanen.

Merknader/ avklaringar 2016:

Fylkesmannen i Hordaland, 17.3.16:

Viser til oversendelse datert 3.3.16 med forespørsel om trekking av innsigelse. Vi legger til grunn at Forsvarsbygg vil vurdere om og når denne eventuelt kan trekkes og at Fylkesmannen da blir varslet om dette. Deretter vil vi sende ut en bekreftelse på at det ikke lenger hefter statlige innsigelser til planen.

Planleggar kommenterer:

Tatt til orientering. Se òg merknad frå Forsvarsbygg 21.1.16, og kommentar til denne under.

Forsvarsbygg, 21.3.16:

Etter drøftingsmøte mellom kommune, tiltakshaver og Forsvarsbygg, møtereferat datert 13.04.15 og framsending av revidert planforslag, datert 11.2.16, vert Forsvarsbygg bedt om å trekke gjeldande innsigelse.

Under føresetnad om at Forsvarsbygg vert forelagt framtidige tiltak som kjem i befatning med sjø og strandlinje, samt at kaifront ikkje får auka utbreiing utover dagens situasjon, så vil FVB kunne trekke innsigelsen.

Vi foreslår at tiltak som rører ved Forsvarets interesser i sjø skal sendast til oss for uttale, samt at utstrekning av kaifront vert presisert i føresegnene, eksempelvis inn under §§ 2.7 og 3.3. Gitt dette, så kan FVB trekke innsigelsen.

Planleggar kommenterer:

Det er lagt inn krav i føresegnene om at tiltak som rører ved Forsvarets interesser i sjø skal sendast Forsvarsbygg for uttale, jf. § 2.7. Utstrekning av kaifront er presisert i føresegnene, § 3.3.

Statens Vegvesen, 6.6.16:

Viser til e-postar med vedlegg, mottekne 8.3.16 og 21.4.16. Vi orsakar lang sakshandsamingstid. Opus ynskjer tilbakemelding på revidert planframlegg før 2. gongs handsaming i kommunen. SVV har følgjande merknader til vegteikningane, plankartet og føresegnene vi har fått tilsendt:

Tekniske vegteikningar: Lengdeprofilteikning V2 (teikning 201) viser fall frå Fv. inn i veg V2. Fallet skal reknast frå køyrebnekanten, dette må rettast opp. SVV ber om å få reviderte vegteikningar til gjennomsyn.

Vi føreset at tekniske vegteikningar inngår som vedlegg til reguleringsplan.

Plankart: Må også vise frisisiktsone mellom V2 og kryssande gang- og sykkelveg. SVV rår til at det arealet som er del av frisisiktsone ut mot fylkesvegen, men som er føreslått regulert til friområde, vert regulert til annan veggrunn – grøntareal. Planen vil då heimle at desse områda vert ein del av fylkesveganlegget.

Føresegner: SVV rår til at minimumskrav til sykkelparkering høgare enn null inngår som eit utgangspunkt for denne analysen. Å ikkje setje krav om sykkelparkering ved planlegging av eit nytt næringsområde er etter vår vurdering ikkje i samsvar med nasjonale, regionale og kommunale føringar.

Vi gjer merksam på at før arbeid knytt til riks- og fylkesveganlegg kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av SVV og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar. Vi rår til at dette vert innarbeidd som eit rekkefølgekrav i føresegnene.

Planleggar kommenterer:

Tekniske vegteikningar: Lengde- og tverrprofilar er nå retta opp i samsvar med merknad, slik at fall no er teikna frå køyrebane kant.

Plankart: Frisisiktsone mellom V2 og kryssande g/s-veg er allereie teikna inn, med bakgrunn i sikt kor syklende har vikeplikt, 20x8m. Frisisiktsone mellom V2 og g/s-veg er allereie regulert som annan veggrunn. Sonene mot g/s-veg var regulert inn som friområde, men er no retta opp.

Føresegner: Krav til sykkelparkering er sett i samråd med planetaten i Meland kommune, og er i samsvar med kommuneplanen sine krav til parkering. KPA er revidert i juni 2015. Godkjend byggeplan og inngått gjennomføringsavtale er teke inn som eit rekkefølgekrav i føresegnene.